

# jordvern.no

MØRE OG ROMSDAL

Det kjem  
nokon etter oss  
– ta vare på  
matjorda!

Bli medlem  
i dag!



## ÅRSMELDING 2016

## AUKA BEHOV FOR JORDVERN

Det er mange måtar å verna om matjorda på. Ein av desse måtane er å etablere frittstående, sjølvstendige foreningar som har som hovudoppgåve å arbeida for jordvern på eit breitt grunnlag. Dei første jordvernforeningane vart etablert m.a. i Vestfold, Akershus og Rogaland. Seinare har det kome fleire nye foreningar.

## ETABLERINGSMØTE

Etter initiativ frå Møre og Romsdal Bondelag vart det halde etableringsmøte for Jordvern Møre og Romsdal på Gjermundnes vidaregåande skule 15.februar 2016 med 25 personar til stades. Møtet vart leia av *Arnar Lyche*, Møre og Romsdal Bondelag. Fylkesleiar *Inge Martin Karlsvik* i Møre og Romsdal Bondelag orienterte om bakgrunnen for initiativet til å få etablert ei jordvernforening. *Synnøve Valle* frå fylkesmannen i Møre og Romsdal gjorde greie for status for jordvern i fylket. *Vidar P. Andresen* frå Jordvern Vestfold orienterte om arbeid og oppgåver for foreninga i Vestfold, som vart etablert i 1997.

Vedtektene, som vart gjennomgått og vedtatt, seier følgjande om formålet for Jordvern Møre og Romsdal:

*Jordvern Møre og Romsdal (JM&R) er en partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. Jordvern Møre og Romsdal vil gjennom handling og målretta informasjonsarbeid mot media, politikere og opinionen søke å samle bred forståelse og støtte for et sterkt jordvern i Møre og Romsdal. I dette arbeidet er det viktig å understreke jordvernets betydning som en bred samfunnssak. Jordvern Møre og Romsdal krever at utbygging skal skje på andre arealer enn dyrka mark.*



Frå etableringsmøtet på Gjermundnes 15.2.2016

Styret fekk følgjande samansetjing:

Leiar: *Kolbjørn Gaustad, Eide.*

Leiar: *Anne Katrine Jensen, Gjemnes.*

Styremedlem: *Atle Frantzen, Molde.*

Styremedlem: *Ingbjørn Bredeli, Molde.*

Styremedlem: *Eli Sæther, Gjemnes.*

Varamedlem: *Audun Skjervøy, Norddal.*

Varamedlem: *Helge Øverås, Vestnes.*

*Ingbjørn Bredeli* har trekt seg frå styret. *Audun Skjervøy* har tatt hans plass. *Helge Øverås* har møtt på dei fleste styremøta.

Øvrige funksjonar vart vald i samsvar med vedtektene. Etableringsprotokoll og vedtekter er vedlagt årsmeldinga.

## **ARBEID OG SAKER I STYRET**

Møre og Romsdal Bondelag er sekretariat og stiller sekretær/kontor til disposisjon, ut frå at dette er til gjensidig nytte for begge partar. Det er ikkje laga nærare avtale om dette.

I arbeidsåret er det halde 6 styremøter og behandla til saman 40 saker.

### **Saker og oppgåver som er følgd opp:**

#### **Grunnleggjande driftsfunksjonar:**

Det er på plass organisasjonsnummer/registrering i Brønnøysundregistra og bankavtale/bankkonto inkludert nettbank.

#### **Styresamansetjing:**

Ettersom ein person trekte seg frå styret vart det problem med registrering i Brønnøysundregistra. Det tok difor lang tid før JM&R fekk eige organisasjonsnummer, som er krav for å kunne oppretta bankkonto. Dette gjorde av arbeidet med medlemsverving/mulighet for innbetaling av kontingent vart sterkt forsinka, og har i praksis blitt utført frå og med 2017.

#### **Høyrings- areal- og jordvernsaker:**

##### **Reguleringsplan Malmefjorden:**

Dyrka mark er her under press. Det er halde kontakt både med kommune og bønder som ønskjer å driva jorda.

##### **E39 Lønset – Hjelset:**

Her går det med god dyrka og dyrkbar jord, både på Lønset og særleg på Hjelset. Det er send uttale til kommunestyret om forventningar til behandlinga av saka.

##### **E39 Vik – Julbøen (kryssing Romsdalsfjorden og Julsundet):**

I samband med offentlig ettersyn er det send uttale til reguleringsplanar.

##### **Kommuneplanar:**

Med utgangspunkt i pågåande kommuneplanarbeid i Surnadal er det send send generell uttale til alle kommunar i fylket om jordvernomsyn i planarbeidet.

### **Grunnlagsdokument for ny nasjonal transportplan (NTP):**

Jordvern M&R har slutta seg til fellesuttale frå alle jordvernforeningane.

### **Innspel til partiprogram:**

I samband med at det hausten 2016 vart arbeida med nye partiprogram vart det send fellesuttale frå kvar jordvernforening til alle partia. Jordvern M&R slutta seg til fellesuttalen og følgde dette opp med fylkespartia..

### **Premiering for godt jordvernarbeid/jordvernpris:**

Styret har ønskje om, på ein positiv måte, å premia eller påskjøna både kommunar og enkeltpersonar m.v. for godt jordvernarbeid.

### **Avisinnlegg, m.v.:**

*Kolbjørn Gaustad* har bidratt med fleire avisinnlegg, artiklar og kronikkar om jordvern i løpet av året.

### **Handtering av matjord i samband med veianlegg:**

Både *Sverre Heggset* frå Landbruk Nordvest og *Magnus Johnsson*, Vikebukt, har vore invitert i styremøter for å bidra med erfaringar knytt til handtering av matjord i samband med framføring av større veianlegg.

### Befaringar, møter, arrangement:

-Det er gjennomført befaring på Hjelset og deltatt på orienteringsmøte 5.1.2017 om planar for ny E39 Lønset – Hjelset.

-Det er deltatt på orienteringsmøter om E39 Vik – Julbøen.

-*Kolbjørn Gaustad* og *Atle Frantzen* deltok på Fagdag om særlovene i landbruket i regi av fylkesmannen 29.9.

-*Kolbjørn Gaustad* presenterte Jordvern M&R under Landbrukskonferansen i Molde 4.3.2016.

-*Norges Bondelag* inviterte til samling for jordvernforeningane i Oslo 12.10. *Kolbjørn Gaustad* og *Atle Frantzen* deltok.

### Konferansar:

#### **Jordvernkonferanse på Gjermundnes 21.5.2016:**



*Stortingsrepresentant Pål Farstad (V) under konferansen på Gjermundnes 21.5.*

Arrangør var Landbruksmuseet i Møre og Romsdal i samarbeid med Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag, Fylkesmannen og Jordvern Møre og Romsdal. Følgjande bidrog i samband med konferansen: Ordførar *Geir Inge Lien* Vestnes kommune, Rektor *Aadne Horr* Gjermundnes vgs, Landbruksdirektør *Frank Madsøy*, Utbyggingssjef *Heidi Skaug* Rauma, Avdelingsdirektør *Ole Syltebø* Statens Vegvesen, Bonde *Wollert Dankert Krohn*, Bonde *Øystein Solli*, *Bjørn Steinar Skarbø*, Landbruk Nordvest.

# Press på matjorda

*Ikkje lett å vere bonde i byen med press frå mange kantar*

Presset på nedbygging av matjord er stort, ikkje minst i bynære område. Det har Wollert Danckert Krohn og Øystein Solli i Molde fått merke.

OLAV SKJEGSTAD  
olav.skjegstad@r-b.no

**GJERMUNDNES:** Laurdag deltok dei på den årlege jordvernkonferansen på Gjermundnes, der dei fortalde om sine erfaringar om korleis det er å drive bynært landbruk under tittelen «Bybonde i nedbyggingsland».

Wollert Danckert Krohn er næraste nabo til flyplassen på Årø med dei utfordringar dette fører med seg, ikkje minst når det gjeld krav til sikkerheitssone. I tillegg kjem planane om ny E 39, som kan bandlegge store område.

**Mange interesser.** – Eg er under press frå fleire kantar; Avinor, kommunen, fylkeskommunen og Statens vegvesen, seier Krohn.

Øystein Solli får nyvegen til det



**Bønder i byen:** Øystein Solli (t.v.) og Wollert Danckert Krohn driv gardsbruk nær byen og merkar presset på arealet. Stortingrepresentant Pål Farstad (V) orienterte om lovverket rundt jordvern.

BEGGE FOTO: OLAV SKJEGSTAD

*Romsdals Budstikke*

**Den internasjonale jordverndagen, Tingvoll 5.12.2016:**



*Ordførar i Gjemnes, Knut Sjørmæling (Sp) orienterer på Tingvoll 5.12.*

Dagen vart markert med eit ope møte på Tingvoll Fjordstuer i samarbeid med Norsøk, Fylkesmannen, Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag og Møre og Romsdal Bondelag. Arrangementet samla 50 deltakarar. Følgjande bidrog: Landbruksdirektør *Frank Madsøy*, *Rose Bergslid* Norsøk, *Reidun Pommeresche* Norsøk, Jurist hos fylkesmannen *Gunvor Fossholt Ytterstad*, Ordførar *Ola Rognskog* Halså, *ordførarar* eller andre repr frå Aure, Rindal, Sunndal, Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, møteiar *Kolbjørn Gaustad*.

#### **Jordvernkonferanse på Gjermundnes 3.4.2017:**

Denne vart gjennomført på Gjermundnes vgs med totalt ca 45 deltakarar, m.a. med bidrag frå landbruksdirektør *Frank Madsøy*, forfattar *Knut Ødegård*, ordførarar/politikarar/representantar frå Romsdalskommunane, leiar i samferdselsutvalet *Kristin Sørheim*, jurist hos fylkesmannen *Gunvor Fossholt Ytterstad* og møteiar *Kolbjørn Gaustad*. Konferansen vart gjennomført i samarbeid mellom Landbruksmuseet for Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag, Møre og Romsdal Bondelag og Jordvern Møre og Romsdal.

#### Medlemsverving:

Som nevnt har det tatt tid før medlemsvervingsarbeidet effektivt har kunne setjast i gang. Pr 31.3.2017 er det registrert 38 medlemskap med betalt medlemskontingent for 2017.

#### Utvida styremøter:

På nokre av møta er det invitert gjestar som har bidratt til å belysa aktuelle saker:

**Arnar Lyche**, Møre og Romsdal Bondelag: Innspel til aktuelle saker, innhald i møter og konferansar.

**Sverre Heggset**, Landbruk Nordvest: Håndtering av jord ved veibygging.

**Magnus Jonsson**, Vikebukta: Håndtering av matjord ved veibygging.

#### Profilering utadretta kontakt:

-Det er produsert 2 stk roll-ups for Jordvern M&R, samt diverse brosjyre-, informasjons- og vervemateriell.

-Det er etablert eigen e-post: [moreogromsdal@jordvern.no](mailto:moreogromsdal@jordvern.no) .

-Det er på plass egne heimesider under [www.jordvern.no](http://www.jordvern.no) .

-Det er produsert eigen brevmal for Jordvern M&R.

- Det er deltatt med stands under Open gard hos Wollert D.Krohn i Molde 28.8. og under Dyregoddagane i Batnfjorden 2.- 4.9., samt fleire andre møter og konferansar.

Etter avtale blir det brukt kontorfunksjonar m.v. hos Møre og Romsdal Bondelag.

#### **ØKONOMI OG FINANSIERING**

Jordvern M&R er ein sjølvstendig frivillig interesseorganisasjon

basert på personleg medlemskap. Møre og Romsdal Bondelag er sekretariat og stiller sekretær/kontor til disposisjon, ut frå at dette er til gjensidig nytte for begge partar. Likevel er det behov for at Jordvern M&R skaffar egne midlar som går inn i drifta. Dette blir no gjort gjennom medlemskap/kontingentinntekter og ekstern finansiering av delar av verksemda. Rekneskap for 2016 er vedlagt. Der går det fram kva som inngår av inntekter og kostnader i rekneskapsåret.

## **NRM MØRE OG ROMSDAL 16. FEBRUAR 2016**

# **Jordvernleiar: Må ha jord å dyrke maten på**

Ein ny jordvernorganisasjon er danna i Møre og Romsdal. Men den skal ikkje vere ein protestorganisasjon, ifølge den nyvalde leiaren, Kolbjørn Gaustad.



*Ei eiga jordvernforeining er stifta i Møre og Romsdal. Foto: Gunnar Sandvik / NRK*

NRK Møre og Romsdal 16.2.2016.